



PETOL AS
Husnes Industriområde 39
5460 HUSNES

Att. Rolf Ask

Vedtak om samtykke og gebyr Behandling av søknad om samtykke etter arbeidsmiljølova § 18-9

Gnr 143 Bnr 166 Kvinnherad - Husnes industriområde 39 - Husnes - Petol AS - tilbygg

Vi viser til søknaden av 29.08.2018 om samtykke etter arbeidsmiljølova § 18-9 frå Sandvoll Entreprenør AS.

Arbeidstilsynet har mottatt følgende:

- Teikningar
- Søknad
- Ventilasjonsdokumentasjon
- Arbeidsprosessar

Tiltakshavar søker om tiltak på tilbygg tre stykk brakker for utviding av eksisterande undervisning areal. Tilbygget inneheld eit kontor, spisesal og toalett for menn og kvinner. Arbeida består i å undervisa, teoretisk og praktisk, i forbindelse med truck – og løfteinstallasjonar for å sertifisera medarbeidar frå mange forskjellige firma. Det er også ein administrativ stilling i bygget.

Arbeidstilsynets vurdering

Det er trinnlaus inngang til kontorbygget frå parkeringsareal, det er tilrettelagt for bevegelsehemma med HWC.

Det er rom for reinhaldutstyr med utlagvask jf. Arbeidsplassforskrifta § 3 – 8.

Det skal være egne toalett for tilsette, kursdeltakarane skal ikkje nytta toaletta for tilsette jf.

Arbeidsplassforskrifta § 3 – 7.

Det er ventilasjonsanlegg som ivareta krava for klima, ventilasjon og luftkvalitet jf.

Arbeidsplassforskrifta § 2 – 14.

Arbeidstilsynets vedtak

Arbeidstilsynet gir med heimel i arbeidsmiljølova § 18-9 samtykke til planane.



Samtykket blir gitt på bakgrunn av dei opplysningane og planane som låg føre på tidspunktet for vedtaket. Samtykket er ikkje ei godkjenning av lokala eller arbeidsplassen. At Arbeidstilsynet gir samtykke til planane, betyr ikkje at tilsynet går god for at alle krav til det fysiske arbeidsmiljøet er tatt vare på. Det er tiltakshavaren/arbeidsgivaren som har ansvaret for at lover/forskriftskrav blir følgde, og at arbeidsmiljøet er tilfredsstillande under bruk.

Innbetaling av gebyr

Ifølge forskrift om utforming og innretning av arbeidsplassar og arbeidslokale § 9-1 og forskrift om administrative ordningar på Arbeidstilsynets område § 14-1 skal det betalast gebyr til Arbeidstilsynet ved behandling av søknader etter arbeidsmiljølova § 18-9 første ledd. Gebyrsatsen er avhengig av kva type tiltak det er snakk om, og størrelsen på bygget. For nærmare informasjon om gebyrordninga, sjå www.arbeidstilsynet.no/gebyr.

Ut frå opplysningane i søknaden har vi plassert tiltaket i kategori 2a og fastsatt gebyret til kr 2110,-.

Faktura blir send i eiga sending til deg som tiltakshavar til denne adressa: PETOL AS, Husnes Industriområde 39, 5460 Husnes. Dersom gebyret ikkje er betalt innan fristen, vil kravet bli drive inn med tvang og med tillegg av kostnadsgebyr.

De kan klage

De kan klage på vedtak og gebyr frå Arbeidstilsynet etter reglane i forvaltningslova § 28. Fristen for å klage er tre veker frå de får dette brevet. For nærmare informasjon om klageinstans, framgangsmåte ved klage og rett til å sjå saksdokumenta, sjå www.arbeidstilsynet.no/klage.

Gi informasjonen vidare til verneombodet

Verneombod skal ha kopi av vedtak.

Behov for meir informasjon?

De finn meir informasjon om Arbeidstilsynet og krav til arbeidsmiljøet på www.arbeidstilsynet.no eller www.regelhjelp.no, eller de kan kontakte oss på telefon 73 19 97 00.

Arbeidstilsynet gjer oppmerksom på at det er innført ny blankett 5177 som skal brukast ved søknad om samtykke. Endringane består i hovedsak av opplysningar knytte til fakturamottakar. Blankett finst her: www.dikb.no

Frå 1. januar 2019 vil ikkje Arbeidstilsynet lenger senda ut brev på papir til dei som ikkje opnar brev i meldingsboksen sin i Altinn. Treng du hjelp til innlogging, navigering, delegering eller anna knyta til bruk av Altinn, kan du kontakta Altinn brukarservice: www.altinn.no/hjelp/

Vi ber om at de viser til vår referanse 2018/38803 ved seinare kontakt/korrespondanse i denne saka.



Arbeidstilsynet

VÅR REFERANSE
363128/2018

3

Med helsing
Arbeidstilsynet Vestlandet

Johs B Lægland
tilsynsleder
(sign.)

Monica Vandaskog Valen
Seniorinspektør
(sign.)

Dette brevet er godkjent elektronisk i Arbeidstilsynet og har derfor ingen signatur.

Kopi til:
SANDVOLL ENTREPRENØR AS Rolf Ask Sandvollvegen 15 5452 SANDVOLL